

Trond Lekva Myklebust held fram som leiar i Elveeigarlaget.

11.04.2018



Trond Lekva Myklebust held fram som leiar.

Trond Lekva Myklebust held fram som leiar i Elveeigarlaget. Ny i styret er Jostein Almås som erstattar Andreas Kristoffersen. Lars Haugland held fram som rekneskapsførar. Etter vedtak på møte vert det løyvd kr. 10.000,- til plastrydding langs elva. Ny organisasjonsform med overgang til så kalla Tingrettsleg sameige er ei omfattande sak. Her treng medlemene meir tid før eit endeleg vedtak vert gjort.

Årsmøte samla i overkant av 25 medlemmer. Det er meir enn det har vore på desse møta dei siste åra. Styret sitt framlegg til ny organisasjon med nye vedtekter vart røysta ned og det vert innkalla til nytt møte før ein kan gå vidare i endringsprosessen. Nye vedtkter må vedtakast på nytt omframt årsmøte. Med dette som bakgrunn vart sakene på årsmøte drøfta etter noverande form.

Noko av innhaldet i det som er nytt er utbetaling av luter etter lengde på den elva kvar grunneigar eig, ikkje slik det er i dag med utbetaling etter skyld. Nye vedtekter er mest likelydande med slik Etneelva vert drifta.

Men som sagt, her ynskte fleirtalet av dei framømte ei grundigare utgreiing før endeleg vedtak.

Tekst/nett: Kristian Bringedal
Foto: Arkivfoto/Vidar Haugland